



Ole Kristian Fjeldstad  
Galtenesvegen 104  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2259 - 14/8382

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
27.05.2014

## Godkjenning - oppføring av tilbygg til bustad på Frekhaug, gbnr 23/305.

**Administrativt vedtak. Saknr: 138/2014**

**Eigedom:** Gbnr 23/305  
**Byggjeplass:** Galtenesvegen 104  
**Tiltakshavar:** Ole Kristian Fjeldstad  
**Planstatus:** Reguleringsplan Frekhaugmarka - bustadområde

**Søknad om:** Tilbygg til bustad

### Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad motteke 12.05.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av tilbygg til bustad på gbnr 23/305 i Frekhaugmarka.

### Vurdering:

Planstatus:  
Eigedomen er i reguleringsplan for Frekhaugmarka regulert til bustad.

### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 26.04.2014/21.05.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteke 12.05.2014 og i samsvar med erklæring frå eigar av gbnr 23/309 om avstand til felles grense på 3 m. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

I reguleringsplan for Frekhaugmarka er det krav til parkeringsdekning for 1,25 bilar. Tiltaket samsvarer med reguleringsplanen.

Planløyving og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyving og er i samsvar med Pbl § 29-1.

**Vedtaket:**

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av tilbygg til bustad på gbnr 23/305 i samsvar med søknad motteke 12.05.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 12.05.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 3 meter til nabogrense er absolutt, jf erklæring frå eigar av gbnr 23/309-.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Ole Kristian Fjeldstad

Galtenesvegen 5918  
104

FREKHAUG